

Trygve Styve
Grovægen 11
5700 Voss

REGISTRERT

2 DES. 1992

SØREN SKRIVAREN
I NORDHORDLAND
DAGBOKNR: 9980

A V T A L E

Det er i dag inngått avtale som regulerer rettar og plikter vedrørande to vegar - veg A og veg B - i Hellesåsen, Hjelmås.
Avtalen er inngått mellom:

Eigar av gnr 202/3, ✓ Geir Styve

og

Eigarar av utskilte hyttetomtar:

Gnr. 202/107, Trygve Styve, med full part i veg A og B

Gnr. 202/108, Sylvia Staff, med full part i veg A og B

Gnr. 202/118, Sidsel Styve, med full part i veg A og B

Gnr. 202/7278, Odny M. Johnsen, med full part i veg A

i tillegg til følgjande personar som er rettighetshaldarar til å skilje ut hyttetomtar frå 202/3:

Helga Styve Hellestveit, med full part i veg A og B

Elin Folgerø Styve, med full part i veg A og B

Jens Kjartan Styve, med full part i veg A og B

1 VEDRØRANDE VEG A

Gnr 202/3 har etter makeskifte med Gnr 202/4 av 12.3.1992, tinglyst den 26.3.1992 oppnådd rett til å lage ein kjøreveg - netto 3 m breid - over Gnr 202 4/5.

Vegretten gjeld frå innkjørsel ved dagens rv. 14 vis å vis Hjelmås kapell, og 59 m nordover gjennom eksisterande grind. Inklusive parkeringsplass innanfor grinda er dette i denne avtale kalla veg A.

Veg A er no opparbeidd i fellesskap av partane som beskrive ovanfor. Gnr 202/3 vidarefører med dette sin vegrett over 202 4/5 til også å gjelda dei ovanfor nemde hyttetomtar og rettighetshavarar. Vedlikehaldet av veg A skal delast høvesvis etter bruken, mellom tomtar utskilt frå bruk 3 og bruk 4/5. Bruk 3 har full bruksrett til vegen, i tillegg til at kostnader til opparbeiding og vedlikehald er bruk 3 uvedkomande.

Som kompensasjon til bruk 3 for det inngåtte makeskifte med bruk 4/5 på dette punkt, betalar kvar av dei ovanfor nemde partar ein eingangssum kvar på kr 1500.- innan 15.8.1992

2 VEDRØRANDE VEG B

I denne avtale er veg B den veg som går frå nemte grind og opp til Sidsel Styve sin tomt. Denne vegen er også opparbeidd i fellesskap av partane som beskrive ovanfor. Bruk 3 har full bruksrett til veg B, og kostnader til opparbeiding og vedlikehald av denne er bruk 3 uvedkomande.

AVTALE

DETALJERT
AVTALE

3 FELLES FOR VEG A OG VEG B

Framtidig utskilte bruk frå bruk 3 har rett til å få vidareført bruksrett til veg A og B. Dei skal som kompensasjon for dette betale sin høvesvise andel av kostnadane til anlegg av vegen, til dei som har hatt kostnaden med denne. I tillegg skal dei svare sin del av vedlikehaldet frå det tidspunkt dei vert medeigar i vegen. I denne samanheng - utan å vere bindande i andre forhold - vert storleiken på partane fastsett slik:

Part i veg A: 7500.- kr

Part i veg A + veg B: 30.000.- kr

Desse tal er fastsett i kroneverdi fra 1992, og skal regulerast etter Statistisk Sentralbyrå sin byggjekostnadsindeks frå 1.6 1992 og fram til det aktuelle tidspunkt. Det vert kun rekna med fulle partar, og altså ikkje rekna partar som er delar av veg B.

Dersom framtidig utskilte bruk frå bruk 3 - eller noværande partshavarar - skal nytte vegen til føremål som påfører veg A og veg B vesentleg større belastning enn tilkomst til hytte/hus med vanleg personbil, må det forhandlast med eigarane av vegen. Unnateke er naudsynt maskinbruk i samband med byggjeaktivitet o.l.

4 VEDRØRANDE EVENTUELLE TILBYGG TIL EKSISTERANDE VEG B

Dersom nokon av eigarane av veg B får løyve på fri grunn hjå bruk 3 for å lage tilbygg til vegen, skjer dette mot at bruk 3 får full bruksrett til vegen, og at kostnader til opparbeiding og vedlikehald er bruk 3 uvedkomande. Vidare pliktar dei å gje melding til eigar av bruk 3 om kostnaden av tilbygget, og kven som er partshavarar. Slik melding skal vere skriftleg, og gjeve innan 6 mnd etter at tilbygget er teke i bruk. Andre har då rett til å kjøpe seg inn som eigar i tilbygget på same vilkår som i pkt 3, men med meldingstidpunktet som reguleringsdato.

5 TINGLYSING

Kostnader ved tinglysing av denne avtale er bruk 3 uvedkomande.

Hjelmås den 1.9.1992

Geir Styve

Tegnue Styve
Tegnue Haff
Sidsel Styve
Oddge M. Johnsen
Hilga Styve Hillebeit
Eisla A. Styve
Jens K. Styve

TINGLYST

Tingl. gebyr Kr. 675,-
Dok. avg. Kr.
Panteattest Kr.

REGISTRERT

2 DES. 1992

SØREN SKRIVAREN
INNOMDHORDLAND
BAGBOKNR: 9980

Forskriftsset